



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Teams-møte
Dato: 14.08.2026
Tid: Kl. 12:00 - 13:30

Følgande medlemmer møtte:

Håkon Myrvang
Kari Valle
Sara-Marie Horsevik
Anne Lilleaasen
Steinar Kvame
Tore Fossen
Jenny Følling
Oddmund Klakegg
Atle Hamar
Gunn Merete Paulsen

Parti:

Ap
Ap
Ap
H
H
H
Sp
Sp
V
V

Forfall:

Åsmund Berthelsen

Parti:

SV

Møtande varamedlem:

Tamara Nøtseth

Parti

SV

Andre:

Joar Helgheim	einingsleiar
Lise Mari Haugen	assisterande kommunedirektør
Malin Solheim Moldestad	rådgjevar
Odd Harry Strømsli	einingsleiar
Ole John Østenstad	rådgjevar
Trond Ueland	kommunalsjef teknisk og miljø

Møteleiar: Jenny Følling

Merknader:

- Møtet vart gjennomført som fjernmøte via. Teams jf. koml. 11-7.

Permisjonar:

- Anne Lilleassen (H) fekk permisjon frå møtet kl. 12.30, etter behandling av sak 146/26, Paula Lesto (H) møtte som vara resten av møtet.

Godkjenning av protokollen:

Jenny Følling

Håkon Myrvang

Oddmund Klakegg

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
145/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
146/26	Sunnfjord næringspark - ev. etablering av distribusjonsnett for fjernvarme/-kjøling
147/26	Vedtak av Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sunnfjord kommune
148/26	Delegerte vedtak
149/26	Referatsaker
150/26	Orienteringar og spørsmål

145/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgende blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Formannskapet 14.08.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Ordføreren fremja følgande til å godkjenne protokollen: Oddmund Klakegg og Håkon Myrvang

Einstemmig vedtak

FORM- 145/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgende blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Oddmund Klakegg og Håkon Myrvang

146/26: Sunnfjord næringspark - ev. etablering av distribusjonsnett for fjernvarme/-kjøling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det blir ikkje etablert distribusjonsnett for fjernvarme/-kjøling i samband med bygging av kommunalteknisk infrastruktur i Sunnfjord Næringspark.

Behandling i Formannskapet 14.08.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 146/26 Vedtak:

Det blir ikkje etablert distribusjonsnett for fjernvarme/-kjøling i samband med bygging av kommunalteknisk infrastruktur i Sunnfjord Næringspark.

147/26: Vedtak av Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sunnfjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sunnfjord kommune

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Sunnfjord kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Sunnfjord kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft 31.08.2026.

Vedtaket vart gjort av formannskapet etter Sunnfjord kommune sitt reglement for formannskapet § 4 Hastesaker, jf. koml. § 11-8 første ledd.

Behandling i Formannskapet 14.08.2026:

Endringsforslag Sp til § 1 i Forskrifta. , fremja av Oddmund Klakegg (Sp):

Endring av tekst under § 1 andre ledd frå "Ope terreng" til "Innmark".

Grunngjeving:

Begrepet "Innmark" er nytta i anna lovverk som rettsleg begrep for å skille kva som er innmark og utmark, og er ein meir etterprøvbar og presis definisjon ein begrepet "Ope lende".

Framlegg frå Venstre, fremja av Atle Hamar (V):

Det vert ikkje åpna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i lokal forskrift om felling og fangst paragraf 1. Vilkåret som gjeld for dokumentasjon av skadeomfang utover normal, er ikkje til stades, og før det er gjennomført tilstrekkeleg dokumentasjon, kan ikkje lokal forskrift vedtakast.

Avstemming:

Venstre sitt forslag **fall** med 4 (V, SV, Horsevik) mot 7 stemmer

Kommunedirektøren sitt framlegg, med Sp sitt framlegg, **vart vedteke** med 8 (Sp, Ap, H) mot 3 stemmer

FORM- 147/26 Vedtak:

Sunnfjord kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sunnfjord kommune

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Sunnfjord kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i innmark, i Sunnfjord kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor innmark.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av

hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft 31.08.2026.

Vedtaket vart gjort av formannskapet etter Sunnfjord kommune sitt reglement for formannskapet § 4 Hastesaker, jf. koml. § 11-8 første ledd.

148/26: Delegerte vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 14.08.2026:

Einstemmig vedtak

FORM- 148/26 Vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

149/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 14.08.2026:

Einstemmig vedtak

FORM- 149/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

150/26: Orienteringar og spørsmål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 14.08.2026:

Ordføraren orienterte om neste møte 3. september

- Lefdal Mine Datacenter vil orientere om datalagringsverksemd

FORM- 150/26 Vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.